

5. Eksterne avdelingar/eksternt samarbeid

Gol kommune er kjøpar av tenester frå fleire samarbeidstiltak. Desse er organisert forskjellig, men felles for dei alle er at Gol kommune sin påverknad på driftsbudsjettet deira er avgrensa i høve til avtalen for samarbeidet samt kva som skjer på generalforsamlingane eller styremøta.

- BTV – Innkjøpssamarbeid
- Gol kyrkjelege fellesråd
- Hallingdal Barnevernsteneste
- Hallingdal brann- og redningsteneste IKS
- Hallingdal krisesenter (stifting)
- Hallingdal Renovasjon IKS
- IKA Kongsberg IKS
- IKT Hallingdal
- Kommunerevisjon IKS
- PPT og OT Nedre Hallingdal
- Regionrådet for Hallingdal
- Skatteoppkreveren i Hallingdal
- SLT-koordinatoren i Hallingdal

5.1 Tiltak – meldt inn frå dei interkommunale verksemdene:

Tiltak-tekst	2017	2018	2019	2020
9701 Gol kyrkjelege fellesråd - asfaltering Herad	150 000	-	-	-
9703 Hallingdal Brann- og redningsteneste - ny vaktordr	502 000	1 004 000	1 004 000	1 004 000
9714 IKT-samarbeidet i Hallingdal - utover prisauke	400 000	400 000	400 000	400 000
Totalt - nye tiltak eksterne	1 052 000	1 404 000	1 404 000	1 404 000

5.2 Utvikling – budsjett med kommentarar (heile 1.000 kr):

Samarbeid:	B 2015	B 2016	B 2017	Kommentar:
Gol kyrkjelege fellesråd	4.368	4.672	4.582	Inklusiv husleige og felleskostnader
Stiftinga Hallingdal Krisesenter	1.015	1.036	1.086	
Frivillighetssentralen	210	210	557	Merknad 1)
Hallingdal Brann- og redningsteneste IKS	4.121	4.009	4.121	Merknad 2)
Kontrollutvalet – Kommunerevisjon IKS	500	500	660	Merknad 3)
Regionrådet Hallingdal	540	573	555	
PPT og OT Nedre Hallingdal	2.200	2.410	2.551	I tillegg kjem husleige, straum og reinhold som Gol dekker.
Skatteoppkreveren i Hallingdal	1.138	981	1.034	I tillegg kjem husleige som Gol dekker
Hallingdal Barnevernsteneste	11.259	15.392	13.792	

Handlingsprogram og økonomiplan – 2017 - 2020

Dei øvrige samarbeida er meir kompliserte å samle samanliknande tal frå – delvis som følgje av endring i prinsipp for kva som er drift og kva som er investering (IKT) og delvis som følgje av at budsjetta inngår i sjølvkostrekneskapen til Gol kommune.

Merknad:

- 1) I statsbudsjettet vart statleg tilskot til Frivillighetsentral lagt inn i rammetilskotet. Det årlege statstilskotet er rekna til 330.000 og er lagt inn som kostnad saman med prisjustert tilskot frå kommunen. Begge delar er no kommunalt tilskot.
- 2) Som nemnd som tiltak i punkt 2.5.1 er det i budsjett frå Hallingdal Brann- og redningsteneste IKS lagt opp til at Gol kommune må dekke ekstra kostnader til vakt – Gol kommune som tettstad.
- 3) Kontrollutvala i Hallingdal og Valdres har gjort avtale om ei sekretærordning. Den blir betydeleg dyrare enn tidlegare.